



---

# Notat

---

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Byggesaksavdelinga/Kristin Nielsen  
Vår referanse: 15/2631 - 5 / Gbnr - 137/760  
Dato: 23.09.2015

---

## Emne: Telefonsamtale om tilleggsinformasjon - gbnr 137/760 Alver

23.09.2015 vart det i to telefonsamtalar mellom Larissa Dahl hos ansvarleg søkjar, og Benjamin Hicks og Kristin Nielsen ved Byggesaksavdelinga, informert om punkt i søknaden om rammeløyve som må klargjerast og/eller stettast før vi kan handsame saka.

Her er eit samandrag:

- Det må visast byggegrenser på situasjonsplan/utomhusplan slik dei er vist i reguleringsplankartet.
- Det må prosjekterast og visast vegetasjonsskjerm som omtalt i reguleringsføresegnene.
- Stien, som er vist i plankartet over den omsøkte eigedomen, må visast på situasjonsplan/utomhusplan.
- Det kan sjå ut som om nokre parkeringsplassar er plassert utanfor byggegrensa.
- Vi kan ikkje sjå at det er søkt om tilknytning til kommunalt VA- anlegg. Det vart opplyst frå oss om at sidan det berre er søkt om rammeløyve, er det ikkje naudsynt at det ligg føre løyve til tilknytning, men at vi har trong for dokumentasjon som viser at det er pårekleleg at det vil bli gitt tilknytingsløyve.
- Det må klargjerast om det søkast om lager- eller industribygg. Slik søknaden ligg føre er det søkt om begge deler. Det vart opplyst om at eit alternativ er at dersom bruken av alle seksjonane ikkje er klar på det noverande tidspunkt, er det eit alternativ at det presiserast at det no vert søkt om «lagerbygg» for alle seksjonane i bygget, og at det sidan eventuelt søkast om bruksending til «industri» for dei seksjonane det på sikt måtte vise seg å gjelde for.



- Saka er ikkje sendt til Arbeidstilsynet av ansvarleg søkjar. Det er opplyst i søknaden om at dei 16 seksjonane i bygget skal selgast etter kvart, og at søknad til Arbeidstilsynet vil bli sendt inn fortløpande ved sal. Vi informerte om at vi kan gi rammeløyve utan at Arbeidstilsynet har vore inne i saka, men at det vil bli sett vilkår om at det ikkje kan bli gitt igangsettingsløyve før dette er på plass.
- Det har tidlegare vore søkt om og gitt løyve til grovplanering av eigedomen. Dette er det også gitt ferdigattest for. Saksnr: 11/1426 og 13/2116. Det er avtalt at vi sender kopi av desse sakane til ansvarleg søkjar.